

litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikkje berre møtefull, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunge saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vedt saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

litt om temaet:

«For så langt» er ei ny norsk omsetting av den engelske kjende salmen «Come Thou Fount Of Every Blessing», som var skrive av pastor og salmediktar Robert Robinson i 1757. Han var berre 22 år når han skreiv denne salmen og baserte den på bibelhistoria om Guds hjelp til Israel mot filistarane i 1. samuelsbok. Han ser heile livet til ein kristen i lys av denne fortellinga. Salmen er slik ein gigantisk takkesang for at Gud bergar oss, hjelper oss og frelsar oss, trass våre feil og manglar i å oppriktig følgje han. Sjølv om salmen endar med ei forventning om ein evighet med Gud og ser fram til herlegdomen, målbær likevel refrengjet ei takksemd bakover i tid. Så langt har Gud vore der, også i våre liv, slik dei har vert. Han er ved sida vår no og vik aldri derifrå. Han kjenner korleis kvar enkelt har det og i alt og eitt er han vår hjelp.

For så langt

lære

1. Sam 7,7-12

Kva er den første reaksjonen til israelittane når dei skjørnar at filisterane kjem, og kva fortel det om dei?

Korleis kan vi forstå ofringa av det uskyldige lammet på vegne av folket i vers 9, og korleis peikar dette framover? (hint: Joh. 1,29)

Korleis kan vi kjenne igjen bibelteksten i songteksten?

vere

Har du opplevelingar av at Gud var der då du trengte hjelp? Eller kanskje opplevelingar av at du ikkje fekk den hjelpa du bad om? Korleis påverkar det trua di?

Uavhengig av personlege opplevelingar: Kva er den store historia i Bibelen om korleis Gud har vore med oss så langt?

aere

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:
Salme:

For så langt (Filadelfiakirken)
327: Jeg løfter mine øyne opp til fjellene
322: Stor er din trofasthet, Herre og Fader

gjere

Bønesvar er faktisk ganske lett å gløyme. Israelittane sette opp ein stor stein som dei kalla «hjelpesteinen» for at ikkje dei, eller generasjonane etter dei skulle gløyme kva Gud hadde gjort. På kva måte kan du sørge for å hugse dei bønesvara du får, og korleis kan du formidle dei vidare til nokon?

bøn

Takk Gud for at han er trufast og aldri sviktar, og at han svarer på bønene våre på måtar og på tidspunkt han finn best.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å hugse det han har gjort for oss, gjennom sitt frelsingsverk og gjennom svar på bønene våre.

